

## **Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet**

**Frank Willy Djuvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget i Vestland sluttar seg ikkje til framlegget om å heve bompengetakstane for Førdepakken, og ber om at ein reduserer prosjektporleføljen for å få ned kostnadane i pakken, slik føresetnaden var i bompengesøknaden frå 2013.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg, nytt punkt 2:

2. Både kostnadssprekk og inntektsvikt viser behovet for ei debatt om Førdepakken der dei einskilde tiltaka vert sett i samanheng. Kostnadssprekk og inntektsvikten gjer det nødvendig å få fram oppdaterte trafikkanalyser der det vert teke omsyn til klimatiltak, utvikling i kollektivtilbod og teknologiutvikling. Og der det vert lagt til grunn at fleire skal gå og sykle i Førde sentrum i framtida.»

### **Avrøysting**

Det var 14 medlemer til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB) for Djuvik sitt forslag, som fall.

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget i Vestland sluttar seg til framlegget om å heve bompengetakstane med 4 kroner for taksgruppe 1 og 7 kroner for taksgruppe 2 for Førdepakken.